



# Sakliste til GF 2019

## 1. KONSTITUERING

---

(Jfr. Vedtak om forretningsorden i GF 2007)

1. val av to dirigentar
2. val av to personar til å føra møteboka
3. val av to personar til å skriva under møteboka
4. val av fullmaktsnemnd/teljekorps
5. godkjenning av dagsorden og sakliste

## 2. TREÅRSMELDING 2016-2018

---

ImF-styret har lagt fram si melding for åra 2016 – 2018. Meldinga blir presentert i møtet av styrerepresentantar.

### ImF-styret sitt forslag til vedtak:

Generalforsamlinga godkjenner ImF-styret si melding for åra 2016-2015. Generalforsamlinga sluttar seg i hovudsak til styret sine vurderingar.

## 3. REKNESKAP 2016-2018

---

ImF-styret har lagt fram revidert rekneskap for åra 2016 – 2018 (sjå side X-X).

Hovudtala blir presenterte i møtet. Det vil også bli orientert om nøkkeltal i budsjettet for 2019 og organisasjonen sin økonomiske situasjon. Generalforsamlinga blir bedt om å gje råd om korleis styret bør prioritera arbeidet framover og korleis Indremisjonsforbundet kan styrka sin økonomi.

### ImF-styret sitt forslag til vedtak:

1. Generalforsamlinga godkjenner dei framlagde rekneskap for 2016 – 2018
2. Generalforsamlinga har merka seg den store trongen for å styrkja Indremisjonsforbundet sin misjonsinnsats på fleire felt og vil oppmuntra misjonsfolket til auka regelmessig gjevarteneste.

## 4. ORGANISERING OG STRUKTUR I ImF

---

Sjå saksopplysningar nedanfor saklista.

### ImF-styret sitt forslag til vedtak:

1. Generalforsamlinga bed alle krinsar i ImF om å gå inn i ein forpliktande prosess saman med ImF sentralt, der ein dei neste tre åra kan arbeide saman for å finne fram til ein mest mogleg tenleg organisasjon og struktur for å nå lengst mogleg med vårt misjonsoppdrag.

2. Årsmøta i krinsane bør peike ut kvar si arbeidsgruppe med mandat og mynde til å gå saman i eit felles læringsfellesskap med minst to samlingar per år. Representantar for forsamlingar i krinsen (inkl. dei som er innmeldt direkte i ImF) skal inviterast til å vere med. Hensikta med dette er å
  - a. skape ein mest mogleg felles forståing for korleis situasjonen er i dag
  - b. kartlegge behov og ressursar
  - c. arbeide fram konkrete tiltak for å styrke samhandling og betre utnytting av dei ressursane vi har i fellesskapet
3. Moment frå GF-samtalen skal vere ein del av grunnlaget for arbeidet.
4. Det bør hyrast inn kompetanse som har erfaring med å leie slike prosessar.
5. ImF og krinsane legg føringar for økonomien.
6. I tillegg til felles samlingar må ein ha god kommunikasjon med krinsårsmøta, og rådføre seg med forsamlingar og foreiningar i krinsane slik at endringar får naudsynt fundamentering.
7. Generalforsamlinga bed styret arbeide aktivt for å styrke det åndelege leiarskapet i einingane våre, mellom anna ved å byggje kompetanse og tenlege ordningar for tilsynsteneste inn mot forsamlingar.

## 5. FULLMAKT TIL Å SLÅ SAMAN ImF TROSSAMFUNN MED ANDRE TRUSSAMFUNN

---

Sjå saksopplysningar nedanfor saklista.

### ImF-styret sitt forslag til vedtak:

Generalforsamlinga gjev styret fullmakt til å slå ImF Trossamfunn saman med andre trussamfunn på evangelisk luthersk grunn dersom ein finn det tenleg. Ein føresetnad er at det framleis skal vere mogleg å kanalisere økonomiske midlar til det lokale arbeidet.

## 6. VAL

---

Valkomiteen har lagt fram forslag til vala (a-d) i samsvar med Lov for ImF og vedteken instruks til valkomiteen. Forslaget til ny revisor er gjort i samsvar med vedtak i GF og fullmakta til ImF-styret sak V pkt.3/2007. ImF har hatt same revisor i mange år, og på bakgrunn av innhenta tilbod vil vi no be GF om tilslutning til at Team Revisjon i Agder vert ny revisor.

1. val av formann
2. val av styremedlemer
3. val av varamedlemer
4. val av valkomité
5. val av revisor

## 7. TILTAKSPLAN 2019-2022

---

Ut frå Strategiplanen «Inn i Guds framtid» (denne ligg på imf.no) vert det lagt fram ein konkretisert tiltaksplan for ImF sentralt. Vidare presentasjon vert også gitt i generalforsamlinga.

## ImF-styret sitt forslag til vedtak:

Generalforsamlinga takkar for forslaget til tiltaksplan, og bed om at signala og synsmåtane i generalforsamlinga si drøfting blir vurdert med i ImF-styret sitt endelege vedtak.

-----

## Til sak 4: Organisering og struktur i ImF

Dei siste åra har ImF understreka betydninga av å plante nye fellesskap og revitalisere forsamlingsarbeidet i bedehusa våre. Strategien vi la i 2013 opplever vi som god og framtidsretta, og satsinga på Leiarkonferansen, Awana-ressursane og ulike tilbod i forsamlingsarbeidet opplever vi er gode svar på lokale behov. Med ein svakare foreiningsstruktur og veksande forsamlingsarbeid er det samstundes fleire som stiller spørsmål om kva rolle organisasjonsledda skal ha i framtida.

Saman med krinsane la ImF-leiinga derfor opp til «GF-året 2019», der lag i alle våre bedehus i starten av 2019 via krinsane fekk ei utfordring om å kome med innspel på desse spørsmåla:

1. Det grunnleggjande: Kva treng de oss til i dag? Om de treng hjelp, kva kan det vere? Ver konkret, og tenk ut frå ein ønska ressursituasjon, ikkje berre den som er i dag.
2. Organisasjon: Vert krets og forbund i dag opplevd som ei medhjelp/katalysator for at det kan skje eit fornyande, utviklande og framtidsretta forsamlings- eller felleskapsarbeid på din heimstad? Eller er vi blitt ein bremsekloss? Er organisasjonsleddet blitt ein byrde som sug ressursar og energi ut av det lokale arbeidet, eller er det ein positiv medspelar? Og om vi utvidar perspektivet: Er bedehus-organisasjonane som heilskap ei slik hjelp, eller er det blitt ein byrde? Bør vi organisere oss smartare?
3. Økonomi: Om de framleis meiner at vi treng organisasjonsledd i Indremisjonen, korleis skal det finansierast i framtida? Skal det framleis vere avhengig av enkeltpersonar som har syn for det, eller vil de som lokale fellesskap ta ansvar for det? Det er lansert eksempel på fordeling mellom eige behov, organisasjonsledda i ImF og ytremisjon. Er dette noko som er aktuelt for dykk?
4. Strategi: Om det er tilslutning eller ankepunkt til vår strategi og profil, er det også mogleg at det kjem til uttrykk.

Det er til saman registrert 50 tilbakemeldingar på dette. Det er ikkje eit høgt tal, men vi trur samstundes at svara er ganske representative for situasjonen i organisasjonen. Eit kort samandrag vart presentert i Sambåndet si juni-utgåve, og dei fleste krinsane handsama desse problemstillingane i sine årsmøte. Misjonsrådet i mai hadde dette som tema, og under Rådsmøtet 21.september arbeidde vi for å peike ut viktige arbeidsområde som må prioriterast dei komande åra.

**Når styret no set «Organisering og struktur i ImF» som sak for GF, er det fordi Rådsmøtet har prioritert det høgst, og «Åndeleg leiarskap og tilsyn» er ein god nummer to.**

Strategiplanen er klar på kva vi vil sjå dei neste åra:

1. Vi ser ei rørsle av unge og eldre som saman veks og modnast som Jesu disiplar, former nye fellesskap og forsamlingar, og misjonerer i Norge ved å dele evangeliet i ord og praktisk kvardags diakoni.
2. Vi ser tusenvis av familier som frimodig deler trua på heimebane og når ut til barn og unge i sitt nærmiljø.

Derfor er målsettinga klar på at vi vil

1. gjere medarbeidarar i indremisjonen bevisst på at vi alle skal vere misjonærar i Norge.
2. at våre medarbeidarar skal vekse og modnast som Jesu disiplar.
3. stimulere til aktiv formidling av kristen tru i heimen.
4. fornye kvardagsdiakonien

**Gjennom dette vil vi altså framleis gå «med Guds ord til folket», og vi trur at strategien vår er god! Alvoret ligg likevel i at så altfor få vert frelst, få nye fellesskap vert planta, for mange barn og unge veks opp utan eit offensivt og vitalt kristent tilbod, osb. Det store spørsmålet vert derfor korleis vi skal «rigge» organisasjonen på ein slik måte at våre satsingsområde og mål vert nådd? Korleis kan vi best utnytte dei ressursane vi har i fellesskapet? Kva behov ser vi for oss må løysast, og korleis kan organiseringa og strukturen vere mest mogleg optimal for at det kan lukkast?**

Under GF vil det bli lagt fram moglege scenario frå eit forsamlingssynspunkt og frå eit krinssynspunkt - kanskje også frå ImF sentralt. På den bakgrunn vert det gruppesamtale og plenumsoppsummering, der synspunkta vert tekne med i ein naudsynt prosess fram til neste GF. Alle med innsikt i ImF si oppbygging veit at GF ikkje kan gjere vedtak om organisering og struktur som er bindande for krinsar og forsamlingar/foreiningar i organisasjonen. **På bakgrunn av det vi opplever er ein omfattande prosess i nært samarbeid med krinsane våre, legg vi likevel fram eit forslag til vedtak der GF gir eit sterkt signal til heile organisasjonen om å arbeide målretta og seriøst med desse spørsmåla den neste perioden.**

## Til sak 5: FULLMAKT TIL Å SLÅ SAMAN ImF TROSSAMFUNN MED ANDRE TROSSAMFUNN

ImF Trossamfunn vart oppretta hausten 2009 på grunnlag av vedtak i GF same år. Trussamfunnet er eit tilbod om kyrkjerettsleg registrering gjennom indremisjonen, og vel 1000 personar har meldt seg inn i løpet av desse åra. Styret opplever at organisering og funksjon er i tråd med dei signal som vart gitt då vedtak om oppretting vart gjort, og vi brukar lite ressursar på å administrere det. Når styret set denne saka på dagsorden er det derfor ikkje ut frå eit behov om å effektivisere eller rasjonalisere, men for eit par andre grunnar:

1. Så lenge vårt misjonsfolk ønskjer at ImF skal oppretthaldast som eigen organisasjon, vil vi fremje ei best mogleg samarbeidsånd med søsken i andre organisasjonar og kyrkjesamfunn som står saman med oss i misjonsoppdraget og kampen for ei klassisk kristen lære. Om eit felles trussamfunn på evangelisk luthersk grunn kan vere med å synleggjere og styrke desse banda, samstundes som det vert organisert på ein tenleg måte, vil vi arbeide for slik(e) samanslåing(ar).
2. Det har vorte ein trend at nye forsamlingar melder seg inn i minst ein organisasjon til utanom ImF (dei fleste i NLM, men også nokon i Normisjon), og med den utviklinga vert det også meir naturleg å samle seg om felles trussamfunn.

I og med at ImF Trossamfunn vart oppretta på bakgrunn av vedtak i GF, ber vi om at det nye styret skal ha ei formell godkjenning frå GF til å foreta samanslåing(ar). Som det går fram av forslaget til vedtak, vil vi då halde på den økonomiske modellen der medlemmane sjølve får velje kva eining som skal få det kommunale tilskotet.